



NGIR Renovasjon
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

VEST POLITIDISTRIKT

Dykkar referanse:

Vår referanse:
201900045-2 70

Stad, Dato
Knarvik, 15.01.2019

PRAKSIS FOR INNDRIVING AV IKKJE BETALT RENOVASJONSAVGIFT

Politiet og kommunane i Nordhordland lensmannsdistrikt hadde politirådsmøter 21. og 26. november 2018. I politiråda tok politiet opp utfordringane innan den sivile rettspleia, mellom anna arbeidet med tvangssal av fast eigedom.

NGIR IKS nyttar inkassobyrå for å drive inn renovasjonsavgift som ikkje vert betalt til forfall. Inkassobyrået sin praksis er at det til slutt vert kravd tvangssal av eigdommen etter godkjenning frå kommunane.

Denne praksisen fører til at Bergen tingrett må starte sak om tvangssal og politiet må bruke ressursar på å forkynne dokument for huseigarane. Ofte må operative mannskap bruke tid på dette arbeidet.

Praksisen fører også til at skyldnar må betale mykje gebyr og salær. Ved tvangssal av fast eigedom på grunn av manglande betalt renovasjonsavgift, er hovudregelen at skuldig avgift er ein liten del av totalkravet. Og skuldig avgift er ofte nokre få tusen kroner. Sakene kan vere ulike, men tvangssal av fast eigedom på grunnlag av ein liten sum kan fort bli lite rasjonelt. Tiltak/metode står kanskje ikkje i forhold til skuldig avgift.

Politiet oppmodar NGIR IKS og eigarkommunane til å vurdere praksisen og finne andre måtar enn tvangssal som metode for å få inn avgifta.

I denne vurderinga er det naturleg å sjå på ordningar som reduserer bruken av rettsapparatet, samordnar/"vaskar" krava mot NAV sine tiltak/ansvar og reduserer kostnaden for skyldnar. Namsmannen er kjent med at Kemneren i Bergen bistår BIR med å få inn renovasjonsavgift. Leiar for innkrevjing av kommunale avgifter hjå Kemneren i Bergen, Kay Andre Haugen, kan truleg gje nyttig informasjon.

VEST POLITIDISTRIKT

Med helsing

Kjell Idar Vangberg

Kjell Idar Vangberg
Namsmann



Kopi til
Eigarkommunane til NGIR